

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 05.07.2017
Vår ref.: 2017/13710-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 17/1612 – 17/14187

Att. Laila Bjørge

Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om grøfting - gnr 19 bnr 3 og 45 - Sagstad - Meland kommune

Vi viser til brev datert 04.07.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. I nærområde er det kjend ei rekke gravminne frå jernalder. Det aktuelle arealet har difor potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

Tiltaket sin karakter gjer at Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlige merknader til søknaden, men vi ber tiltakshavar om å ta kontakt med arkeolog Monika Serafinska v/Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune når gravearbeidet er i gong og før grøftene er fylt igjen. Vi vil då vurdere om det er naudsynt med ei synfaring på staden for å sjekke grøftene for eventuelle funn. Monika Serafinska er tilgjengeleg på telefon 55 23 91 80 og på e-post monika.serafinska@hfk.no.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.